

Kriteria og innretting for Prosjektilskot: større kulturtiltak

Fylkesrådmannen sitt framlegg til revidering, for handsaming i utval for Kultur, idrett og regional utvikling 22.01.2019.

Ordninga skal ha søknadsfrist og handsamast ei gang i året.

1. FØREMÅL

Tilskotsordninga skal vere eit reiskap for å oppnå visjonen for kulturutviklinga i Hordaland, slik den er framlagt i Premiss: kultur, regional kulturplan for Hordaland 2015–2025: Hordaland skal vere ein leiande kulturregion.

Visjonen gjev uttrykk for ambisjonen om å vere grenseoverskridande og nyskapande med risikovilje, og å ta vare på og utvikle verdiar. Kulturlivet i Hordaland skal markere seg på høgt nivå, og denne ordninga skal kunne gjere mogleg realisering av utvalde, særskilde prosjekt som kan vere føregangsprosjekt med klår verdi for utviklinga av kulturlivet i fylket.

2. ABSOLUTTE KRITERIA

Det omsøkte prosjektet skal oppfylle dei tre første punkta (a, b og c) for å kunne verte tilrådd støtte.

- a. Prosjektet skal vere i samsvar med føremålet i søknadsordninga
- b. Prosjektet skal stette ein eller fleire satsingar i Regional kulturplan
- c. Prosjektet skal ha regional kulturverdi, dvs. ha ein kommuneovergripande funksjon og / eller særskilt kulturverdi.

Om regional verdi:

Omgrepet regional viser her til to prinsipielle hovudkriterium:

- Geografisk kriterium (geografisk nedslagsfelt og verkeområde): Om tiltaket omfattar fleire kommunar og/eller om tiltaket vert gjennomført eller har deltaking frå meir enn to kommunar.
- Funkjonskriterium (regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet og sær preg)

Alle tilrådde tiltak og prosjekt skal ha regional verdi – geografisk og / eller funksjon. Storleik og omfang treng ikkje vere avgjerande. Fagleg kvalitet og særleg grad av nyskaping m.m. kan også ligge til grunn for at eit tiltak har regional verdi.

I tråd med kulturlova er det kommunane som skal leggje til rette for og sikre eit breitt lokalt kulturtildel der folk bur og arbeider. Fylkeskommunen si rolle er å vere ein regional utviklar, og ha oversyn og sikre tilgjenge til meir spesialiserte eller regionale kulturtildel.

3. KVA DET IKKJE BLIR GITT STØTTE TIL

Det er skilt ut nokre konkrete føremål/tiltak det ikkje vert gitt støtte til i desse tre søknadsordningane. Grunnen til dette er fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle, andre tilskotsordningar og kompetanse- og ansvarsfelt både hos fylkeskommunen og andre offentlege instansar. Det blir ikkje gitt støtte til følgjande:

- a. Innkjøp og vedlikehald av bygg, utstyr og instrument.
- b. Ordinær drift av institusjonar, organisasjonar, lag, grupper og tilsvarande.
- c. Tiltak/prosjekt i regi av fylkeskommunale institusjonar - t.d. vidaregåande skular.
- d. Utgjeving av litteratur, film og musikk (unntak kan vere dokumentasjon med kulturhistorisk verdi)
- e. Deltaking på seminar, utdanning, studiereiser, gjestekunstnaropphold ol.

4. VURDERINGSKRITERIA

Støtte gjennom desse tilskotsordningane / kulturstøtte er ikke rettighetsbasert, og det er vanlegvis mange fleire kvalifiserte søkerar enn der er tilgjengelege midlar. Ved den skjønnsmessige vurderinga vil det mellom anna bli lagt vekt på dei følgjande kriteria. Ein søknad må ikkje oppfylle alle vurderingskriteria, men jo sterkare og jo fleire av desse som vert oppfylt, dess meir relevant vil søknaden vere for ordninga:

Utvikling av kulturlivet i fylket, t.d. ha verdi som pilotprosjekt og bidra til større breidde.

- a. Kunstrarleg nyskaping
- b. Dokumentasjon av kulturhistorie
- c. Samarbeid og nettverk
- d. At tiltaket er utadretta og ope
- e. Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad.
- f. Tidlegare vist gjennomføringsevne
- g. Støtte og forankring i heimkommunen og evt nasjonalt(t.d. Norsk kulturråd)

Ved søknader om støtte til festivalar skal det i tillegg leggast følgjande kriteria til grunn for vurderinga:

- h. festivalen sin eigenart, kunstrarlege profil og fokus på utvikling av det kunstrarlege uttrykket
- i. formidlingsevne og publikumsoppslutning

I tillegg skal det takast hensyn til den samla fordelinga av omsyn til geografi og sjanger.

Om det gjeld støtte til produksjon skal det ligge føre plan for utbreiing og formidling. Om det gjeld søknad om støtte til kunstproduksjon kan det verte oppnemnt rådgjevande kunstfaglege konsulentar innan relevante sjangrar.

Det er mogeleg å søkje midlar til årvisse/jamne tiltak. Søkjar må då vere merksam på at dette er prosjektilskot og at søknadene kvart år vert vurdert på nytt opp imot samla søkermasse. Det er stor søkermengde i forhold til midlar ein har tilgjengeleg, og såleis kan ein vektlegge faktorane annleis i dei ulike søkerndsundane.

5. KVEN KAN SØKJE

- a. Både det profesjonelle og frivillige kulturfeltet, og tiltak som har idrett og friluftsliv som hovudføremål, kan søker i denne ordninga.
- b. Med større meinast at det omsøkte tiltaket skal ha ei viss fagleg tyngd og storleik. Det skal vere særskilde tiltak med klare prosjekttankar som skil seg tydeleg frå dagleg drift. Det skal vere tydelege føregangsprosjekt med klar verdi for utviklinga av kulturlivet i fylket.
- c. Organisasjonar, foreiningar og lag må ha organisasjonsnummer for å søker. Privatpersonar kan søker tilskot eventuelt på vegner av ei gruppe. Då vert det stilt krav om at fødselsnummer vert oppgjeve, og evt tilskot er oppgåvepliktig til skattemynde.
- d. Organisasjonar/institusjonar som tek i mot driftsstøtte frå HFK kan søker tilskot frå desse ordningane om det gjeld særskilte tiltak, slik som t.d. samarbeidsprosjekt og utprøving av nye tiltak.

6. ØKONOMI

- a. I ordninga skal løyingane i hovudsak ligge mellom 50 000 og 200 000 kroner.
- b. Dersom det ikkje er rom for å løye minst 1/3 av søkermassem vert søkeren avslått.
- c. Hordaland fylkeskommune fullfinansierer normalt ikkje prosjekt. Det er forventa at søker budsjetterer med andre kjelder for finansiering.

Utbetaling av tilskot skjer i hovudsak gjennom elektronisk faktura i EHF-format. Når ein sender inn denne godtek ein føresetnadane i tilsegnsbrevet.

7. OPPFØLGING, RAPPORTERING OG KONTROLL (FØRESETNADER SOM VERT GITT I TILSKOTBREV VED TILDELINGAR)

- a. Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning.
- b. Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført.
- c. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- d. Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale mv skal det gjerast tydeleg at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. Dokumentasjon av dette skal leggast ved rapport.
- e. Om ein har opne, publikumsretta arrangement er det ein føresetnad at tilskottsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal då ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- f. Dei som får tilskot til publikasjonar må levere minimum 1 eks av denne til Hordaland fylkeskommune når denne er ferdigstilt.
- g. For fagleg oppfølging og vurdering må dei som søker om tilskot til arrangement på førespurnad kunne gje akkreditering til inntil 2 representantar frå Kultur- og idrettsavdelinga.
- h. Dersom prosjektet vert avlyst, utsett eller vesentleg endra, eller at det vert påvist tydelege feil eller manglar, kan heile eller deler av tilskotet krevjast betalt attende.